

HAMMAR-KAMERATANE AS  
Hella 60  
5936 MANGER

---

<b>Dato</b>	27.06.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/66281-12
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

Att.Marius Tenden

## Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5484 - gnr. 428 bnr. 107 - Kvalheim nedre - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 22.07.2022 og til vedtak frå Alver kommune med dispensasjon frå arealføremål datert 06.03.2023.

### Saka gjeld

Det vart søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg 5484 Radøyvegen i forbindelse med bygging av ein einebustad på eigedomen. Vi opplyste i brev datert 13.09.2022 at tiltaket treng dispensasjon frå arealføremålet før vi kunne behandle søknadar etter veglova.

Alver kommune har no gjeve dispensasjon frå arealføremålet med vilkår om;

- Dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg skal liggje føre.
- Utvida bruk av avkøyrsløp frå fylkesveg skal liggje føre

Vi kan difor no behandle søknaden om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesvegen slik det vart søkt om.

Vilkår frå Alver kommune om at utvida bruk av avkøyrsløp er ikkje innfridd. Vi vil opplyse om at vi ikkje har fått tilbakemelding på brev datert 06.07.2022. Vi ber om ei tilbakemelding på om det ligg føre eit avkøyrsløp for eigedomen, eller om vi skal behandle søknad som tidlegare er sendt inn.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5484 Radøyvegen for å oppføre ein einebustad på gnr. 428 bnr. 107 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 31.05.2022.
2. Avstanden frå einebustaden (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5484 Radøyvegen skal vera minst 38 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsløp må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.

6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5484.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1200. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse viktig lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024. Den opnar for ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte.

Etter ei samla vurdering gjev vi dispensasjon frå byggegrensa for å bygge ein ny einebustad.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

1

**D1 - kart.pdf**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG